



- **Huskar de jenta som lugga guten?**

Han fekk vondt og blei lei seg (vis det andre bildet).
No angrar jenta på at ho lugga han. Ho forstår at det ikkje var lurt å gjere, og at det blei dumt for han.



- **Korleis følast det å ha gjort noko dumt mot andre?**

Hjelp barna å kome på korleis det kan kjennes å ha dårleg samvit, kjenne skuld eller skam.

- **Kva kan jenta gjere for å gjere det bra igjen?**

Barna kjem truleg til å foreslå «Sei unnskyld». Spør dei om det er andre ting jenta kan gjere eller seie som er like bra som å seie unnskyld.

- **Å reparere når vi har gjort eller sagt noko dumt:**

Når vi skal reparere noko vi har gjort mot andre er det lurt å:

1. Sjå på den vi skal seie noko til
2. Vise at vi angrar, og at vi forstår at det blei dumt for den andre
3. Vi kan sei at vi er lei oss, vi kan sei unnskyld, eller vi kan gjere noko snilt for å vise at vi vil reparere det dumme.
4. Etterpå prøver vi så godt vi kan å ikkje gjere det dumme igjen.

- **Kva er bra med å reparere sånn?**

Å reparere vennskap er bra fordi begge får det betre etterpå og kan vere venner igjen.

Den som har gjort noko dumt slepp å kjenne vonde følelsar som skuld, skam og dårleg samvit. Barnet får ein ny sjanse, i staden for at andre blir redd barnet. Barnet blir betre likt og får fleire venner.